



Saksframlegg

Saksnr: 2023/495-32
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvinnherad kommune, Kontrollutvalet	11/26	04.05.2026

Årsrekneskap for Kvinnherad kommune 2025 - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvinnherad kommune sin årsrekneskap for 2025.
2. På bakgrunn av dei merknadene som kjem fram i årsrekneskapen og årsmeldinga, ber kontrollutvalet kommunedirektøren gje ei munnleg orientering om korleis dei påpeikte forholda vil bli følgde opp. Orienteringa skal givast i møte 31.08.2026, med skriftleg gjennomgang oversendt sekretariatet innan 17.08.2026.

Saksprotokoll 04.05.2026 - Kvinnherad kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor ved BDO, Ørjan Johansen, presenterte funna frå revisjonsberetninga. Partner Solveig Bø Dalstø supplerte presentasjonen. Dei svara deretter på spørsmål frå kontrollutvalet.

Økonomisjef Niels Jakob Erlingsson presenterte årsrekneskap og årsmelding, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Blant anna vart følgjande trekt fram:

- Resultatet er betre enn budsjettert, men ikkje tilfredsstillande med tanke på inntektene
- Kraftfondet og låge pensjonskostnader påverkar resultatet positivt
- Negativ utvikling med meirforbruk i drifta

Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvinnherad kommune sin årsrekneskap for 2025.
2. På bakgrunn av dei merknadene som kjem fram i årsrekneskapen og årsmeldinga, ber kontrollutvalet kommunedirektøren gje ei munnleg orientering om korleis dei påpeikte forholda vil bli følgde opp. Orienteringa skal givast i møte 31.08.2026, med skriftleg gjennomgang oversendt sekretariatet innan 17.08.2026.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2025 for Kvinnherad kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Årsrekneskap for Kvinnherad kommune 2025 - uttale frå kontrollutvalet
2. Revisjonsberetning for Kvinnherad kommune 2025 frå BDO
3. Oppsummering av revisjonen frå BDO

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 04.05.2025, behandla utvalet sin uttale til Kvinnherad kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presenterte årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og egne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom kommunelova, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet si uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og egne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå kommunedirektør, motteke 15.04.2026. Denne er å finna på lenkja: [Årsmelding 2025](#).
- Kommunedirektør si årsmelding, motteke 15.04.2026. Den er og å finne på lenkja over.
- Revisjonsberetning frå BDO, motteke 27.04.2026.
- Oppsummering av revisjonen frå BDO, motteke 27.04.2026.
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon.
- I tillegg har kommunedirektør supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Utsegn om årsrekneskapen

Revisjonsberetning frå BDO

Kommunen sin rekneskapsrevisor, BDO, har lagt fram revisjonsberetning. Her skriv dei følgjande:

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvinnherad kommune. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2025, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Stord kommune som økonomisk eining

Oppsummering av revisjonen

Oppsummering av revisjonen frå BDO til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet. Oppsummeringa skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der revisor har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har BDO peika på nokre område som bør og kan forbetrast:

IT revisjon

IT-revisjonen avdekkjer svakheiter i tilgangsstyring og passordrutinar, samt manglande rutinar for periodisk gjennomgang av brukarar og tilgangar. BDO tilrår tiltak for å styrkje internkontrollen, mellom anna gjennom strengare passordkrav, bruk av tofaktorautentisering og regelmessig og dokumentert gjennomgang av brukartilgangar.

Observasjonar og tilrådingar

— *Kvalitet på avstemmingar*

Revisjonen har avdekt gjennomgåande utfordringar knytte til dokumentasjon og etterprøving av avstemmingar. Mangelfull bruk av underlag, referansar og formelgrunnlag svekkjer sporbarheita og gjer det vanskeleg å ettergå gjennomførte kontrollar. Revisjonen legg til grunn at avstemmingar må dokumenterast slik at det klart går fram kva konti som inngår, og korleis saldoane er underbygde per 31.12.

— *Tapsavsetning kundefordringar*

Revisjonen har avdekt mangelfull dokumentasjon og svakt kontrollspor knytt til grunnlaget for tapsavsetjingar. Vidare er strukturen lite oversiktleg som følgje av at kundefordringar er fordelte på fleire rekneskapskontoar, mellom anna frå eit tidlegare faktureringsystem. Dette gjer det krevjande for revisjonen å etterprøve vurderingane som er gjorde, og kva for konkrete fordringar det er sett av tap på.

— *Bank*

Revisjonen har avdekt fleire utfordringar knytte til bankhandtering, mellom anna at ikkje alle bankkonti er registrerte og bokførte i kommunen sitt rekneskap, og at bankavstemming i stor grad blir gjort manuelt. Dette svekkjer sporbarheita og gjer revisjonen særleg tidkrevjande. Det ligg også føre ei einfullmakt knytt til ei bankkonto som blir nytta i samband med krav frå Intrum. Revisjonen tilrår at

kommunen gjennomfører ei grundig opprydding i bankkonti, registrerer alle kontoar i rekneskapen og etablerer betre og meir automatiserte rutinar for bankavstemming.

— *Kvalitetssikringavårsrekneskapenog årsmeldinga*

Revisjonen har avdekt behov for opprydding i saldobalansen, mellom anna som følgje av mange motkontoar, interimkontoar og eit stort tal eigenkapitalkontoar, noko som svekkjer oversikt og etterprøvarheit. Vidare peikar revisjonen på manglar i kvalitetssikringa av noteopplysningar og årsmeldinga, med feil og inkonsistensar som følgje av manglande og i stor grad manuell kontroll. Revisjonen tilrår at kommunen etablerer og følgjer faste rutinar for kvalitetssikring i tråd med krava til god kommunal rekneskapskikk

— *Attestasjonar*

Revisjonen peikar på behov for å styrkje kvalitetssikringa av attestasjonar, mellom anna ved at attestasjonar blir kontrollerte av andre enn den som har utført sjølve attestasjonen. Vidare blir det understreka at revisor må ha tilstrekkeleg tid til å utføre attestasjonane innan fastsette fristar, for å sikre god kvalitet og dokumentasjon.

På bakgrunn av revisjonens gjennomgang meiner sekretariatet det kan vere føremålstenleg at kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei orientering om korleis dei påpeikte forholda vil bli følgde opp, og kva vurderingar som er gjorde med omsyn til vidare tiltak.

Kommunedirektøren si innleiing til årsmeldinga:

Kommunedirektøren skriv mellom anna slik:

Resultatet for 2025 vart budsjettert til eit underskot på 42,2 millionar kroner. Rekneskapen for 2025 syner ved årsslutt eit netto driftsresultat eksklusiv premieavvik på 0,2 %, som er under fastsett måltal på 2,75 %. Resultatet vart betre enn budsjettert takka vere god avkastning frå Kraftfondet og gode resultat på pensjonsforvaltninga.

Auke i tenestebehovet og stort meirforbruk på drifta trakk resultatet i negativ retning. Det er viktig å snu denne trenden for at kommunen ikkje skal vere avhengig av gode år på dei ekstraordinære inntektene for å gå i balanse. I åra som kjem er det budsjettert med store investeringar og påfølgjande auke i lånegjeld som vil redusere dei tilgjengelege rammene ytterlegare. Dette vil forsterke behovet for å tilpasse driftsnivået til dei fastsette finansielle måltala for å skape ei økonomisk berekraftig framtid i Kvinnherad kommune.

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå kommunens årsrekneskap og årsmelding:

I tråd med forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding før formannskapet innstiller til vedtak. Sekretariatet merkar seg at kommunedirektøren har lagt fram ei årsmelding som gir ei grundig og open skildring av drifta i Kvinnherad kommune i 2025, inkludert dei økonomiske utfordringane kommunen står overfor.

Kommunedirektøren peikar på at rekneskapen for 2025, trass i at han vart budsjettert med eit underskot på 42,2 mill. kroner, ved årsslutt viser eit netto driftsresultat eksklusiv premieavvik på 0,2 %, noko som er under det fastsette måltalet på 2,75 %. Resultatet er betre enn budsjettert, særleg som følgje av god avkastning frå Kraftfondet og gode resultat frå pensjonsforvaltninga. Samstundes blir det understreka at auka tenestebehov og betydeleg meirforbruk på drifta har trekt resultatet i negativ retning. Kommunedirektøren viser vidare til at kommunen ikkje kan vere avhengig av ekstraordinære inntekter for å oppnå balanse over tid, og at komande år er prega av store investeringar og påfølgjande auke i lånegjeld, noko som vil redusere den økonomiske handlefridomen ytterlegare. Det blir derfor lagt vekt på behovet for å tilpasse driftsnivået til dei fastsette finansielle måltala for å sikre ei berekraftig økonomisk utvikling framover.

Etter åra 2021 og 2022 med ekstraordinært høge kraftinntekter har desse inntektene no falle. Samstundes har både gjeld og driftskostnader auka meir enn dei statlege overføringane. Dette har svekt likviditeten og utfordrar ei berekraftig forvaltning av Kraftfondet. Samla sett har kostnadsnivået dei tre siste åra vore om lag 195 mill. kroner høgare enn inntektene, noko som aukar avhengigheita av Kraftfondet og set press på handlingsregelen om at fondet skal forvaltest til beste for framtidige generasjonar.

Samla sett har denne utviklinga ført til at Kvinnherad kommune i 2025 leverer eit resultat under dei fastsette finansielle måltala, og det første negative netto driftsresultatet på 15 år. Sekretariatet merkar seg at aukande driftskostnader er hovudårsaka til at kommunen i 2025 berre oppfyller eitt av fire finansielle måltal, og utgjer den største utfordringa for den økonomiske utviklinga framover.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Kvinnherad kommune har løyst dette ved å rapportere om internkontroll som ein del av årsmeldinga.

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2025.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta


Økonomisk handleevne

Av rekneskapen for 2025 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 28 358 000,- dvs. netto resultatgrad på -1,60% (sett opp mot sum driftsinntekter).

Rekneskapen for 2025 syner ved årsslutt eit netto driftsresultat eksklusiv premieavvik på 0,2 %, som er under fastsett måltal på 2,75 %. Resultatet er betydeleg dårlegare enn dei føregåande åra. Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølgje opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 2,2% pr. april 2025. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Kvinnherad kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2021 (13,15%), 2022 (4,1%), 2023 (8,3%), 2024 (4,82%) og 2025 (-1,60%). Sjå graf nedanfor. Samanlikna med dei føregåande åra inneber dette at Kvinnherad kommune for første gong ligg under tilrådd nivå frå TBU for netto resultatgrad.

Kvinnherad kommune, Resultatgrad



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015)

«Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at:

Saldo på disposisjonsfondet er på kr. kr 443 075 007,- som er 25 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er at dette talet skal vere større enn 5%. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein og fram til at Kvinnherad kommune har ei lånegjeld tilsvarande 97,21 % av sum driftsinntekter, altså høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Totalt sett har Kvinnherad kommune relativt høg lånegjeld i 2025, medan disposisjonsfondet er godt over tilrådinga. Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. Det er ei målsetting om at denne bør vere under 5%. I 2025 er gjeldsgrada på 7,9% for Kvinnherad kommune.

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Uttale frå revisor
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Konklusjon

Kvinnherad kommune har i 2025 eit negativt driftsresultat, eit godt disposisjonsfond, medan lånegjelda er høg i høve til tilrådinga frå Riksrevisjonen. Den økonomiske utviklinga viser ei klar forverring samanlikna med dei føregåande åra, og netto resultatgrad ligg under tilrådd nivå.

På bakgrunn av det som kjem fram i årsrekneskapet og årsmeldinga frå Kvinnherad kommune meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør vedta utkast til uttale om Kvinnherad kommune sin årsrekneskap 2025, og be kommunedirektøren om å kome i 31.08.2026 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å betre den økonomiske situasjonen.